



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 03.12.2014  
**Møtetid:** 13:00 – 14:30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 10 medlemmer møtte 10, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Bjørg Tvedterås (Fagforbundet)	Heidi Gjerde (Fagforbundet)
Birthe Skar-Moum (Ap)	Liv Berit K. Befring (Ap)
Eva Hellevang (H)	Arild Røen (H)

### **Andre som var til stades på møtet:**

Tone Ramsli, rådmann  
Jan Erik Boge, stabssjef

<b>Møteleiar:</b>	Marit Aase (Krf)
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

### **Merknader:**

Øyvind Røen (Sp) møtte kl. 13:15.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p><u>Framlegg til ny organisering</u> Rådmann Tone Ramsli orienterte om framlegget sitt til ny administrativ organisering og om korleis ho ser for seg prosessen vidare. Ho oppmoda medlemmene i administrasjonsutvalet om å koma med forslag til namn på einingar og stillingar/funksjonar.</p> <p>Marit Aase orienterte om at formannskapet 19./20.11.2014 drøfta kva fullmakter rådmannen har med omsyn til å gjera endringar i den administrative organisasjonen. Det var litt ulike oppfatningar om kva formannskapet hadde kome fram til. Det vart etter ein diskusjon om dette i administrasjonsutvalet konkludert med at det som står i møteprotokollen for formannskapet 19./20.11.2014 skal følgjast.</p> <p><u>Reinholdsprosjektet</u> Tone Ramsli og Wenche Håhjem orienterte om</p>
---------------------------------	---

	<p>prosjektet med omorganisering av reinhaldstenesta i kommunen, mellom anna om at det no er tilsett reinhaldsleiar (Angelica Reistad).</p> <p>Det vert vist til notat frå assisterande rådmann til ordføraren for nærmare orientering om prosjektet. (Notatet er lagt ut i Folkevaldportalen).</p>
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Ingen saker.

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 15.12.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/14	14/907	Faste saker	
010/14	14/91	Arbeidsmiljøet i eining for pleie og omsorg	
011/14	14/703	Innføring av ordning med lønstillegg til tilsette med 16 års lønsansiennitet	

**SAKNR. 009/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**03.12.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 og 2 i møteprotokollen for informasjon om kva tema som vart tekne opp under "Orienteringar/meldingar".

Samrøystes vedtak.

**ADM-009/14 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 010/14**

**ARBEIDSMILJØET I EINING FOR PLEIE OG OMSORG**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Administrasjonsutvalet har merka seg dei uttalane om samarbeid og arbeidsmiljø som har kome frå dei ulike partane som har uttalt seg. Det er grunn til å ta situasjonen på alvor, og rådmannen vert bedt om å starta eit arbeid med sikte på å få til forbetringar. Det vert føresett at alle tek ansvar og bidreg positivt i prosessen.

**03.12.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) viste til den låge svarprosenten i eining for pleie og omsorg i medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført i haust. Han stilte spørsmål ved om undersøkinga vart marknadsført godt nok for dei tilsette. Rådmannen orienterte om korleis undersøkinga vart gjennomført, mellom anna om at undersøkinga vart sendt ut på e-post og at det også vart sendt fleire purringar på e-post. E-postane vart sendt til adresse som den tilsette også får lønsslippen sin på (kommunal eller privat e-postadresse). Heidi Gjerde viste til at mange deltidstilsette i pleie og omsorg sjeldan les den kommunale e-posten sin. Ho sa at årsaka til dette både er at det kan gå lang tid mellom kvar gong dei er på jobb og at dei ikkje har tid til å lesa e-post når dei er på jobb.

Heidi Gjerde og Wenche Håhjem orienterte om korleis dei opplever situasjonen/samarbeidet i eining for pleie og omsorg. Dei hadde i samband med dette ein del merknader til pleie- og omsorgsleiar sitt brev til rådmannen datert 26.11.2014. Dei føler mellom anna at

Fagforbundet vert behandla annleis enn Sjukepleiarforbundet når det gjeld korleis leiinga opptrer overfor/behandlar dei to forbunda. Dei meiner at Sjukepleiarforbundet automatisk får meir informasjon i og med at deira hovudtillitsvalt også er avdelingsleiar i eininga. Dei sa også at fleire faste samarbeidsmøte i eininga har vorte avlyst i 2014. Dei meiner framleis at samarbeidet ikkje har vore godt, men at det har betra seg den siste tida.

Heidi Gjerde sa at ho meiner at arbeidsgjevar ikkje klarer å skilja mellom tilsette når dei er i rolla som tillitsvald og når dei er vanlege tilsette/privatpersonar, og at saker som tillitsvalde tek opp med arbeidsgjevar kan få konsekvensar for dei som tilsette/privatpersonar.

Administrasjonsutvalet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **ADM-010/14 VEDTAK:**

Administrasjonsutvalet har merka seg dei uttalane om samarbeid og arbeidsmiljø som har kome frå dei ulike partane som har uttalt seg. Det er grunn til å ta situasjonen på alvor, og rådmannen vert bedt om å starta eit arbeid med sikte på å få til forbetringar. Det vert føresett at alle tek ansvar og bidreg positiv i prosessen.

#### **SAKNR. 011/14**

#### **INNFØRING AV ORDNING MED LØNSTILLEGG TIL TILSETTE MED 16 ÅRS LØNSANSIENNITET**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert med verknad frå 01.01.2015 innført ordning med lønstillegg på 4.000 kroner (i full stilling) til tilsette i HTA kapittel 4B som har 16 års lønsansiennitet eller meir.

Ordninga gjeld ikkje for tilsette som er løna etter HTA sin lønstabell for stillingar utan særskilt krav om utdanning, fordi denne gruppa har sentralt bestemt minsteløn/lønsopprykk ved 20 års lønsansiennitet.

Tilsette som fekk 4.000 kroner i lønstillegg (i full stilling) for 16 års lønsansiennitet i dei lokale lønsforhandlingane hausten 2015, får ikkje auka dette tillegget 01.01.2015.

Punkt 7.3.5 i lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert endra til:

*Tilsette i HTA kapittel 4B får eit lønstillegg på 4.000 kroner (multiplisert med stillingsstorleik) ved 16 års lønsansiennitet.*

*Dette gjeld ikkje for tilsette i stillingar utan særskild krav til utdanning, fordi denne gruppa har reglar i hovudtariffavtalen om minsteløn (lønsopprykk) ved 20 års lønsansiennitet.*

#### **03.12.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Stabssjef Jan Erik Boge gjorde innleiingsvis merksam på at det er ein feil i rådmannen sitt framlegg til vedtak. Det skal stå "hausten 2014", ikkje "hausten 2015" i det tredje avsnittet i framlegget.

Heidi Gjerde (Fagforbundet) sette fram framlegg om at ordninga med lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet ikkje skal innførast før 01.05.2015.

Det vart først gjennomført prøverøysting, der rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot Heidi Gjerde sitt framlegg. I prøverøystinga røysta alle representantane for Heidi Gjerde sitt framlegg.

Det vart deretter gjennomført endeleg røysting i saka, der rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot Heidi Gjerde sitt framlegg. Heidi Gjerde sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **ADM-011/14 VEDTAK:**

Det vert med verknad frå 01.05.2015 innført ordning med lønstillegg på 4.000 kroner (i full stilling) til tilsette i HTA kapittel 4B som har 16 års lønsansiennitet eller meir.

Ordninga gjeld ikkje for tilsette som er løna etter HTA sin lønstabell for stillingar utan særskilt krav om utdanning, fordi denne gruppa har sentralt bestemt minsteløn/lønsopprykk ved 20 års lønsansiennitet.

Tilsette som fekk 4.000 kroner i lønstillegg (i full stilling) for 16 års lønsansiennitet i dei lokale lønsforhandlingane hausten 2014, får ikkje auka dette tillegget 01.05.2015.

Punkt 7.3.5 i lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert endra til:

*Tilsette i HTA kapittel 4B får eit lønstillegg på 4.000 kroner (multiplisert med stillingsstorleik) ved 16 års lønsansiennitet.*

*Dette gjeld ikkje for tilsette i stillingar utan særskild krav til utdanning, fordi denne gruppa har reglar i hovudtariffavtalen om minsteløn (lønsopprykk) ved 20 års lønsansiennitet.*

